



Clarissa and Fred gler seg til å klatra i Ulvanåso

Ulvanåso er etterkvart vorte svært kjend og populær, og den trekkjer klatrarar både frå fjern og nær til Uskedalen. No bur eit par frå Colorado, Clarissa and Fred, på Rabben Feriesenter for å få oppleve dette klatreeldoradoet. Vi er kjent med at det har vore klartrarar frå Colorado her også tidlegare i sommar.

Clarissa and Fred er sykepleiar og dataanalytikar heime i USA og har teke den lange reisa for å klatre i Ulvanåso. Dei kom til Bergen torsdag, og har sett seg om litt nordforbi. I morgon, tirsdag, har dei tenkt seg på klatring i Uskedalsdiederet. Dette skal vera ein 800m lang klatretur. Klatrevant er dei heimafra både i fjell og på is, så dette gler dei seg til.

Inspirert blei dei då dei leste artikkelen i klatremagasinen CLIMBING heime i Colorado. Dei tenkjer å bli her i 3 dagar for å så retunera til Bergen og ta toget til Oslo. Der vil dei ha to dagar i norsk storby før dei reiser heim med gode minne for så å begynne med studier straks etterpå.

Om det er lokalkjente klatreentusiaster som tar kontakt for å utveksle interessa og erfaringane med dei, blir dei veldig glad.

Tekst og foto: Anja Strüter
Nett: Thor Inge Døssland

